

Tur 3

Berge - Bergeseidet

Lengde: ca. 2,7 km

Tid: ca. 1t og 15 min.

Terreng: lett kupert, litt vått og myrlendt enkelte stader.

Stien går over Skogafjellet og gjennom Skogafjellet og Tjongspollen

Naturreservat. All ferdsel må skje med varsemnd. Bålbrenning er strengt

forbode. Startpunkt er Bergehuset (les om tur 2). Stien går først i nordleg

retning på traktorveg. Før ein går ned til Bergesvatnet tek en av

traktorvegen til venstre. Enkelte parti er litt bratte. Siste delen av turen

går forbi Dugnadssåta. På toppen her er det fin utsikt over Bømlafjorden.

Ved Bergeseidet ligg det eit kvernhus som Bømlo Tur- og Sogelag har

restaurert. Det er lagt ut gjestebok i kvernhuset. Kvar skjærtorsdag

arrangerer Bømlo Tur- og Sogelag familietur på denne strekningen.

Kvernhuset på Bergeseidet var den fyrste bygningen Bømlo Tur- og

Sogelag tok seg av og verna. Det er gardane Hovland og Berge som eig

kvernhuset. Folket på Hovland rodde sjøvegen med korn og mjøl, medan

gardbrukarane på Berge frakta melderer med båt over Bergesvatnet.

Sjølve kvernhuset er 4,2 x 3,6 meter. Det er tømra, med bordkledning på

ytterveggane og med steinheller på taket. Ein veit ikkje kor gammalt

kvernhuset er. Eldste årstalet som er skore i tømmerveggen er frå 1852.

Vågen utanfor var tidlegare ein god kastevåg for å fanga sild og makrell.

Der ligg eit skvalpeskjer kalla Mjøltjuven. Namnet tyder på at einkvan

har segla oppå skjæret og mista mjølet.